

PÅSKENATT

1 Når ein vil halde påskennattsgudsteneste, bør ein ta sikte på å gjøre det fleire år etter kvarandre.

2 Det er viktig at kyrkjelyden får naudsynleg informasjon på førehånd.

3 Påskennattsgudstenesta bør helst ikkje ta til før kl.2300.

4 Påskeljøset bør vera 80-100 cm høgt og stå i ein eigen stake på den mest høvelege staden nær altaret.

5 Dåp av vaksne kan gjerne leggjast til denne gudstenesta.

6 I tillegg til salmane som er føreslegne, kan t.d. desse nemnast:

NoS 175 «Åpen ligger graven»

NoS 184 "Påskemorgen"

NoS 187 "Dug være ære"

NoS 884 «Du åleine har namnet Herre»

7 Ordninga under har på slutten tips til arrangement på førehånd, flygeblad og plakat, og har elles den informasjonen som trengs for denne gudstenesta særskilt for prest, medverkande og kyrkjelyd i rubrikkar. For messefeiring generelt, sjå

<http://www.stellamaris.no/DSLudes12.pdf>

(Bilete av kyrkje)

Bruk høvet før messa tek til til å be om Herrens miskunn over kyrkjelyden, presten, dei kyrkjeleg tilsette og råda, dei med tillitsverv, friviljuge medarbeidarar, misjonærane, kyrkja, folket, dine og deg sjølv.

DEN STORE PÅSKELOVSONGEN

Messeordning til bruk ved feiring påskennatt

Versjon 15. feb. 2006

Syng ein ny song for Herren,
lovsyng han frå heimsens endar,
de som ferdast på havet,
og alt som fyller det,
de øyar og strender
og de som bur der! (Jes 42,10)

INNLEIING

Det vert vist til fleire instruksjonar enn dei som følger under i "Den store lovsongen".

<http://www.stellamaris.no/DSLudes12.pdf>

PÅSKEEVANGELIET OG PÅSKELYSET

Kyrkjelydslemmene får utdelt agende og eit ljós når dei kjem til kyrkja. Kyrkerommet er berre svakt opplyst. Altaret er ikkje dekka. Førebels vert brødskjål(ciborium), disk(paten)vinkeanne og kalk sett på credensbordet. Ein ringjer saman ved svak klemting.

Messa tek til med at

Anten

Presten seier eller messer der Påskeevangeliet skal lesast:

Herren være med dykk. **JOH.20,19 1.KOR.16,23** (*Ståande*)

Kyrkjelyden: Og med deg vere Herren.

P: Lat oss høyra det heilage påskeevangeliet!

P:Herren være med dykk. **JOH.20,19 1.KOR.16,23**

K: Og med deg vere Herren.

Dette heilage påskeevangeliet står skrive hjå evangelisten Markus i det 16.kapitlet:

P les MARK.16,1-8

-Slik lyder det heilage påskeevangeliet.

K: God vere lova! Halleluja! Halleluja! Halleluja!

Påskeljøset vert tent. Dinen vert først altarljosa, og så ljosa i K tende frå påskeljøset. Alle står eller sit med brennande ljos under dei to ledda som no kjem. Ministrantar hjelper til.

Eller

INNTOG MED PÅSKELYSET og SALME (*Ståande*)

P nedst i kyrkja tenner påskeljøset og seier:

P:«**J**esus Kristus er i går og i dag den same, ja til evig tid. Han er Alfa og Omega, den fyrste og den siste, opphavet og enden. Han skal ha æra, no og i all æve!»

P lyfter påskeljøset og seier:

Kristus er ljøset for verda. **JOH.8,12**

Påskeljøset vert bore framme i inntoget av ei kvinne.

På vegon opp til koret stoggar inntoget tre gonger, P seier:

Kristus er ljøset for verda.

Påskeljøset vert sett i staken ved altaret. Bak ljøset ber andre kvinner høgtideleg inn prosesjonskrusifiks, Den Heilage Skrifta, kvit altarduk, altarljos, påskeliljer, og dåpskanna med vatn. D/P går sist i prosesjonen. Alle helsar altaret. Altaret vert duka i kvitt, altarljosa vert tende frå påskeljøset. Påskeliljene vert lagt på altaret, og Skrifta høgtideleg bore fram, og lagt midt på altaret. Dersom røykjelse vert nytta, vert røykjelseskaret bore inn av ministrant etter påskeljøset. Seinare vert altaret incensert av P. Bloddropene frå krossen vert nedrive. P vert avkledt den fiolette stolaen, og påkledt den kvite, saman med kvit messekakel. Dåpskanna vert sett i døypefonten.

Ljosa til K vert tende frå påskeljoset. Alle står eller sit med brennande ljós under dei to ledda som no kjem. Ministrantar hjelper til. K og kor syng etter trøng

Bibelsk salme : NoS 920 «Kristus er oppstaden»

Kristus er oppstaden, halleluja.
Han har sigra over døden, halleluja
Dette er Herrens eige verk,
underfullt er det i våre augo.
Dette er dagen som Herren har gjort;
lat oss jubla og gleda oss no!
Ære være Faderen og Sonen
og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.

Bibelsk salme : NoS 884 «Du åleine har namnet Herre»

Du åleine har namnet Herre,
Den høgaste over jorda
Halleluja, halleluja, halleluja.

Herren er min hyrding,
det vantar meg ingen ting.
Han lét meg liggja i grøne enger
han fører meg til vatn der eg finn kvile.

Han gjev meg ny kraft.
Han leier meg på dei rette stigar
for sitt namn skuld.
Om eg så går i dødsskuggens dal,
ottast eg ikkje for noko vondt,

for du er med meg.
Din kjøpp og din stav, dei trøystar meg.
Du dukar bord for meg
framfor augo på mine fiendar.

Du salvar mitt hovud med olje;
mitt staup fløder over.
Berre godleik og miskunn
skal fylgja meg alle mine dagar,
og eg skal bu i Herrens hus
i lange tider.

Ære være Faderen og Sonen
og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
Og i all æve. Amen.

Bibelsk salme: NoS 891 «Hjå deg er livsens kjelde»

Hjå deg er livsens kjelde,
i ditt ljós ser vi ljós.

Herre, til himmelen når di miskunn,
til skyene rekk din truskap.
Di rettferd er som mektige fjell,
som det store havdjup er dine domar.

Du bergar menneske og dyr, Herre, kor
dyrverdig er di miskunn!
I skuggen av dine venger, Gud, søkjer
menneskeborna livd.
Dei får eta seg mette av det beste i ditt hus,
du lèt dei drikka or gledebekken din.
Ære være Faderen og Sonen

og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.

PÅSKELOVSONGEN (EXSULTET)

D/P: **F**ryd deg, du Guds englehær i himmelen!

Jubla av glede, du Guds mysterium:

Basunen kunngjer sigeren som den store kongen vann!

Gled deg, du jord, som lyser i ævelivs glans!

All verda skal vita at mørkret har vike.

Ver glad, du Guds kyrkje, kledd i glansen av så herleg eit ljós,
så hus og hall kan fyllast av lovsongsbruset frå frelse folkeslag!

Omkvede:

K: Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer
og sigrande stod opp frå dødsriket.

P: **H**erren være med dykk. JOH.20,19 1.KOR.16,23

K: Og med deg vere Herren.

P: Lyft dykker hjarto.

K: Vi lyfter våre hjarto til Herren.

P: La oss takka Herren vår Gud.

K: Det er verdig og rett.

P: **I**sanning verdig og rett er det

å lovsyngja den usynlege og allmektige Fader
og hans einborne Son, Jesus Kristus, vår Herre,

Han som for oss betalte Adams skuld

til den ævelege Far,

og som med sitt dyre blod

strauk ut det gamle skuldbrevet.

Ja, dette er påskefesten, då det sanne Lammet vart slakta,
og med blodet frå dette Lammet

vert dørstolpane hjå dei truande helga.

Dette er den natta då du førte fedrane våre,

Israels born, ut or Egypt

og let dei gå turriskodde gjennom Raudehavet.

Ja, dette er den natta, då ljoset frå eldstolpen
dreiv syndemørkret bort.

Dette er den natta,

då alle som trur på Kristus,

vart fridde frå lastene i denne verda og frå syndemørkret,

då du gjev dei nåde på nytt

og fornyar og helgar dei.

Dette er den natta, då Kristus braut dødens lekkjer
og sigrande stod opp frå dødsriket.

For det hadde aldri gagna oss å verta fødde,
dersom vi ikkje også hadde vorte etterløyste

Å, kor underfull er den godleik som du ærar oss med!

Å, kor grenselaus er di kjærlege miskunn,
du som gav Son din for å kjøpa trælen fri.

Å sæle natt, du som einast var verdig til å kjenna timen og stunda
då Kristus stod opp frå dei døde!

Dette er natta som det står skrive om:

"Natta skal lysa som dagen,

ja, mørkret skal vera som ljoset."

Å sæle natt,
som sameinar det himmelske med det jordiske,

det Guddommelige med det menneskelege!

Difor ber vi deg, Herre:

Lat dette ljoset

brenna utan slutt

og驱va bort mørkret frå denne natta.

Lat morgenstjerna finna det brennande,
den stjerna som ikkje veit av nedgang,

Kristus som har vendt attende frå dei døde
og lyser for menneskeslektta.

Difor bed vi deg, Herre,
at du i denne glederike påsketida
vil gje fred til oss, ditt folk,
og til alle dine tenarar.

Styr oss, lei oss og vara oss i di mektige varetekta,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som saman med deg lever og råder
i eining med Den Heilage Ande,
ein sann Gud, frå æve og til æve.

Salmepragram på ark og lysbilete kan no nyttast. Etter siste verset av den komande salmen sløkkjer K liosa sine og set seg.

SALME: NoS 200 «Jeg ser deg, o Guds Lam å stå»

Jeg ser deg, o Guds Lam å stå
på Sions bergetopp;
men akk, den vei du måtte gå
så tung og trang der opp!
Å byrde som på deg var kast,
all verdens skam og last!
Så sank du i vår verden ned
så dypt som ingen vet.

Uskyldig lam som så for meg
deg ville ofre hen,
din kjærlighet har bundet deg
å få meg løst igjen.
Du led og slet vårt fengsels bånd
med naglet fot og hånd,
du gikk med seier av din grav,
din død oss livet gav.

Hvor vrimler nå omkring din stol
en skare hvit som sne!
Hvert øye stråler som en sol
ved deg, Guds Lam, å se.
Det ord om Lammets slaveri
for oss, for oss å fri,
det ord har ennå sterkest klang
blant alle englers sang.

Takk, Fader, at du var så god
mot Adams falne ætt,
du frelseste oss ved Lammets blod
og gav oss barnerett.
Deg priser nå hvert åndedrag,
hvert sukk og hjerteslag.
Guds Lam, for all den kval du led,
takk,takk i evighet!

DÅPSPÅMINGNING

Her kan også følgja dåp av born kor foreldra og fadrap har teke på seg forpliktinga til å oppsede barnet i kristen forsaking og tru.
Her kan også døypast ungdom og vaksne som har motteke dåpsundervisning og har teke på seg forpliktinga til å leve i kristen

forsaking og tru. Sjå <http://www.stellamaris.no/doplit.htm>

Ein ministrant fyller vatn frå dåpskanna i døypefonten.

Presten**Kyrkjelyden**

I denne påskennatta vert vi minte på korleis vi i dåpen fekk del i den frelsa som Jesus har vunne for oss. Vi vert døypte for å leva livet vårt i forsaking og tru og i teneste for Gud og vår neste. Difor, du som er døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, forsakar du djevelen?

JA

Og alle hans gjerningar?

JA

Og all hans åtferd?

JA

Trur de på Gud Fader, den allmektige som skapte himmel og jord?

Ja, vi trur!

Trur de på Jesus Kristus, Guds einborne son, vår Herre, skal koma att derifrå og døma levande og døde?

Ja, vi trur!

Trur de på Den Heilage Ande, ei heilag oppstoda av lekamen og evig liv?

Ja, vi trur!

Gud, Herren, den allmektige, vår Herre Jesu Kristi Far, verne oss med sin nåde i Jesus Kristus, vår Herre, til det evige liv.

Amen**GUDS ORD****SKAPING OG NYSKAPING VED GUDS ORD 1 MOS 1,1-5;26-31 og 2,1-2(*Sitjande*)**

Tekstane vert helst lesne av eigne tekstslesarar, medan P les innleiinga før teksten og bed bøna etterpå.

P: I denne natta reiste Gud vår Herre Jesus Kristus opp frå dei døde og førte liv og udøyelagdom fram i ljoset. Lat oss høyra korleis Gud i opphavet skapte alt ved sitt mektige ord.

--
P: Evige Gud. Du har skapt jorda og universet, du skapte oss menneske i ditt bilet. Hald oss fast i samfunnet med deg, så vi ikkje fell frå deg i opprør og ulydnad, men når fram til fullendinga i ditt evige rike, ved Jesus Kristus, vår Herre.

FRELSA GJENNOM HAVET OG I DÅPEN 2 MOS 14,1-22(*Sitjande*)

P: Lat oss høyra korleis Gud berga sitt folk, Israel, gjennom vatnet i det Raude Hav-for oss eit bilet på dåpsvatnet i den nye pakta.

--
Gud, vår Far, du fridde Israel frå slavekåra i Egypt og førte ditt folk frelst gjennom havet. Vi prisa din under og takkar deg for at du i den nye pakts tid frelser ditt folk i dåpens bad, og gjev evig liv til alle som tur på Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

FARAO

1 Farao nådde oss like ved stranden,
vi lå i leir foran Pi-Hakirot,
klemt mellom havet og hæren i sanden,
klemt i vår grav under klippenes fot.
Bare en eneste utvei lå åpen:
Veien til havet, til døden i dåpen.
Halleluja! Halleluja!

2. Da, i den siste fortvilede stunden,
revnet det veldige, håpløse hav!
Vi som var døde, gikk tørrskodd på bunnen,
midt mellom vannene, ut av vår grav.
Herren gikk med oss, hans utvei lå åpen:
Veien fra døden til livet i dåpen!
Halleluja! Halleluja!

3. Jublende løfter vi hellige hender, (*Ståande*)
vi som for lengst var fordømt og fortapt!
Nyfødt står folket på skinnende strender,
folket av prester som Herren har skapt.

Kanaans hellige frukt skal vi nyte:
Vin skal vi skjenke, og brød skal vi bryte!
Halleluja! Halleluja! 997 22

DÅPEN TIL JESU DØD OG OPPSTODE ROM.6,3-11(*Sitjande*)

P: Høyr kva Herrens apostel seier om det store under at vi i den heilage dåpens sakrament vert eitt med Kristus, slik at Hans død vert vår død og hans oppstode vert vår oppstode.

--
Anten

P: Himmelske Far, vi takkar deg for at det er open veg til deg på grunn av Jesus. Herre Jesus Kristus, vår Frelsar, du har sona alle våre synder, og sigra over synd, død og djevil, for at vi skal døy bort frå oss sjølle og stå opp att med deg. Heilage Ande, du har fødd oss på ny i dåpens sakrament, for at vi skal vera Guds born ved trua på Jesus Kristus vår Herre. Evige, Tre-Eine Gut, vi prisar og opphøgjar ditt store namn.

Eller om det ikkje har vore dåp

P: Herre Jesus Kristus, du har sagt at ingen kan koma inn i ditt rike utan å verta fødd på nytt av vatn og Ande. Vi takkar deg for at du ved ditt Ord gjer dåpsvatnet til ei nådekjelde og i dåpens bad har sameina oss med deg og gjeve oss del i den sigeren du vann ved din død og di oppstode. Vi ber deg, gjev oss din Ande og fullfør din nådige vilje med oss, så vi kan leva det nye truslivet i dåpens nåde.

PÅSKEEVANGELIET

Berre dersom påskeevangeliet ikkje er lese ved leddet/alternativet Påskeevangeliet og Påskeljoset.
Det vert vist til instruksjon i "Den store lovsongen", <http://www.stellamaris.no/DSLudes12.pdf>

Presten seier eller messer:

Herren være med dykk. JOH.20,19 1.KOR.16,23 (*Ståande*)

Kyrkjelyden: Og med deg vere Herren.

P: Lat oss høyra det heilage påskeevangeliet!

P:Herren være med dykk. JOH.20,19 1.KOR.16,23

K: Og med deg vere Herren.

Dette heilage påskeevangeliet står skrive hjå evangelisten Markus i det 16.kapitlet:

P les MARK.16,1-8

-Slik lyder det heilage påskeevangeliet.

K: Gud vere lova! Halleluja! Halleluja! Halleluja!

PREIKE

SALME ETTER PREIKA

NoS 180: Jesus lever, gravi brast

Jesus lever gravi brast!

Han stod opp med guddoms velde.

Trøysti står som fjellet fast,

Kristi liv og blod skal gjelde.

Lynet blinkar, jordi bever,

gravi brast, og Jesus lever!

Eg har vunne, Jesus vann!

Mørkheims makt for honom rømde.

Krist or gravi utgang fann

og for evig døden dømde.

Open har eg himlen funne,

Jesus vann, og eg har vunne!

FORBØN

FREDSLITANIET: NoS 952 (*sitjande*)

Det vert vist til tekst i "Den store lovsongen", <http://www.stellamaris.no/DSLudes12.pdf>

P introduserer kyrkjebøna.

K:Herre, høyr vår bøn, eller Å Gud, høyr vår bøn...

Her kan følgje eit ekstra ledd med frie bøneemne, og/eller forbøn ved altarringen/ i benkane for sjuke eller andre med særskilt trøng. Konkret forbøn kan også skje under kommunionen, eller etter messa, om dette synest best.

NATTVERD

Det vert vist til instruksjonar i "Den store lovsongen", <http://www.stellamaris.no/DSLudes12.pdf>

OFFERSALME

*Dersom det ikkje har vore gjort ved byrjinga av messa vert under salmen altaret dekt, og altarljosa og blomar bore fram.
Pengeoffer vert samla inn i benkene.*

Brød og vin og bøneønske kan berast fram.

NoS 138, 1-5: «Til Lammets måltid får vi gå»

Til Lammets måltid får vi gå
med frelsens hvite kledning på.
Igjennom havet gikk vår gang,
la Kristus hylles med vår sang.

Et hellig legeme ble lagt
på korsets alter ved Guds makt,
Det røde blod som østes ut,
det smaker vi til liv hos Gud.

Fra påskennattens gru bevart
av Herrens engel er vi spart,
og fra det harde tyranni,
fra Farao, er nå vi fri,

For Kristus er vårt påskelam,
det offer som ble båret fram.
Det er hans eget, sanne kjød
som rekkes oss i usyrt brød.
Guds Lam, du sanne livets brød,
som helveds makt og velde brøt!
Forløst til liv fra dødens tvang
går folket ut med jubelsang.

BØN FOR GÅVENE

NoS 138, 6-7

For Kristus selv står opp av grav
og løfter høyt sin hersker stav.
Nå støter han tyrannen bort
fra paradisets åpne port.

Vær lovet, Fader, Sønn og Ånd,
du Gud som rår med veldig hånd,
slik som det var i opphavs tid
og i all evighet skal bli!

OFFERKOLLEKT

DEN STORE TAKKEBØNA(*ståande*)

P: **H**erren være med dykk. **JOH.20,19 1.KOR.16,23**

K: Og med deg vere Herren.

P: Lyft dykker hjarto.

K: Vi lyfter våre hjarto til Herren.

P: La oss takka Herren vår Gud.

K: Det er verdig og rett.

P: I sanning, verdig og rett er det,....

... og tilbedande syngja:

HEILAG(SANCTUS)

K: **H**eilag, heilag, heilag er Herren Sebaot,

All jorda er full av din herlegdom,

Hosianna i det høgste.

Velsigna vere han som kjem, i Herrens namn.

Hosianna i det høgste. **JES.6,3 MATT.21,9;15 JOH.12,13**

P held fram Den Store Takkebøna(sitjande)

BØN OM HEILAGANDEN

HERRENS INNSETJINGSORD

K kan knele.
BØN OM Å KOMA I HUG KRISTI VERK

P: **K**ristus mellom oss, vona om herlegdom! **KOL.1,27B**
... Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.
... Amen. Ja, kom, Herre Jesus. **1.KOR.16,22; ÅP.22,20**

FADERVÅR

P introduserer Fader Vår.

K: **F**ader vår,
Du som er i himmelen,
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda
så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlet våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freistung,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen.

FREDSHELSING

P: **K**ristus er vår fred; han som døydde på krossen og der gjorde ende på fiendskapen. Herrens fred vere med dykk alltid.

Her kan ein utveksle handtrykk med dei som står nærest og seie t.d.: Guds Fred.

BRØDSBRYTING

P: **B**rødet som vi bryt gjev oss del i Kristi lekam.
... Sjølv om vi er mange, er vi ein lekam;
for vi har alle del i det eine brødet... og alle fekk vi éin Ande å drikka. **1.KOR.10,16-17 1.KOR.12,13**

GUDS LAM(AGNUS DEI)

K kan knele

K: **D**u Guds Lam, som bar all verdens synder,
mis kunna deg over oss.
Du Guds Lam, som bar all verdens synder,
mis kunna deg over oss.
Du Guds Lam, som bar all verdens synder,
mis kunna deg over oss. **JOH.1,29;36**

NATTVERDMÅLTIDET

P: **S**jå Guds lam, som ber bort synda i verda. **JOH.1,29;36**
Sæle er dei som er bedne til bryllaupsmåltidet åt Lammet. **ÅP.19,6 FLG.**

K: Herre, eg er ikkje verdig at du går inn under mitt tak,
men sei berre eitt ord, så vert sjela mi lækt. **FRÅ MATT.8,8**

P: Kom, for alt er ferdig.

Kristi lekam og blod vert utdelt til dei som er døypte og vil tru Kristi Ord og løfte. Nattverden vert teke imot mens ein kneler på altarringen, alternativt framst i skipet, eller på fleire stasjonar i kyrkjerommet. Ved altarringen tek ein i mot nattverden med ope hand og kalk, framst i skipet ved å dyppe det innvigde brødet i kalken, eller ved å drikke av felleskalken. Om ein ønsker, kan ein vise sakramentet ære ved bøye seg. Ein set seg etter at ein har motteke sakramentet. Om ein av ymse årsakar ikkje skal gå til altars, men ønsker velsigning, gjev ein teikn om dette. Born og konfirmantar som ikkje har fått undervisning om nattverden heime, av ein fadder, eller av presten, kan velsignast.

Salmar:

NoS 172: "Som den gyldne sol frembryter"

Som den gylne sol frembryter
gjennom den kulls sorte sky
og sin stråleglans utskyter,
så at natt og mulm må fly,
så min Jesus av sin grav
og det dype dødens hav
oppstod ærefull av døde
imot påskemorgen røde.
Takk, du store seierherre,
takk, du livets himmelhelt,
som ei døden kunne sperre
i det helvedmørke telt!
Takk fordi at opp du stod
og fikk døden under fot!
Ingen tunge kan den glede
med tilbørlig lovsang kvede.
Ligger jeg i syndens veie,
ligger jeg i armod ned,
ligger jeg på sykdoms leie,
ligger jeg i usselhet,
ligger jeg fortrent, forhatt,
og av verden helt forlatt,
skal jeg hus i graven tage,
å, her er dog håp tilbake.
Synd og død og alle pile
som av Satan skytes kan,
ligger brutt der du fikk hvile
hist i gravens mørke land.
Der begrov du dem og gav
meg en sikker trøstestav,
så ved din oppreisnings ære
jeg skal seiers palmer bære.
Du til livet skal meg vekke
det er din oppreisnings kraft,
la kun jordens støv meg dekke,
ormer tære all min saft,
ild og vann oppsluke meg,
dog jeg dør i tro til deg,
at mitt liv, når du befaler,
reises opp fra dødens daler.
Herre Jesus, gi meg nåde
ved din gode Hellig Ånd,
at jeg så min gang kan råde
og veiledes ved din hånd
at jeg ei skal falle hen
i det dødens svegl igjen
hvorav du meg engang rykte
da du døden undertrykte.
Takk for all din fødsels glede,
takk for alt ditt guddomsord,
takk for dåpens hellig væte,
takk for nåden på ditt bord!
Takk for dødens bitre ve,
takk for din oppstandelse,
takk for himlen du har inne,
der skal jeg deg se og finne

NoS 146: "Såkorn som dør i jorden"

Såkorn som dør i jorden,
oppstår som fylte aks.
Druer som knuses i gjærkar,
modnes til gyllen vin.
Gud gi oss troen tilbake:
tro gjennom dypest mørke,
liv gjennom natt og død!

Vi som ble døpt til Kristus,
døpt til hans død og grav, eier oppstandelsens løfte:
lovsang og evig liv.
Himmelens lovsang begynner
her hvor du selv er nær oss,
midt i vår natt og død.

TILSEIINGSORD

P: Den krossfeste og oppstadne Herre Jesus Kristus...
Fred vere med dykk. *

TAKKEKOLLEKT FOR NATTVERDEN

P: Lat oss takka og be.
Etter ei kort still bøn, ber P Takkekollekten.

K: Amen.

UTSENDING(*ståande*)

P: Herren være med dykk. JOH.20,19 1.KOR.16,23

K: Og med deg vere Herren.

VELSIGNINGA

*Alternativt kan nyttast den apostoliske velsigninga 2.KOR.13,13
P lyser velsigninga.*

P: Herren velsigne deg og vare deg,

Herren late sitt ansikt lysa over deg og vere deg nådig,
Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred. * 4.MOS.4,24-26

K: Amen. Amen. Amen.

P: Messa i Den Heilage Påskennatta er til endes. Herren er oppstaden!

K: Herren er sanneleg oppstaden!

P: Gå i Herrens fred.

K: Gud vere lova!

3*3 BØNESLAG

SALME-gjerne med UTTOG

Guds Lam som bærer verdens synder,

miskunne deg over oss!

Guds Lam som bærer verdens synder,

gi oss din fred! NOU 1981:40 899, I

Å salige stund uten like,
han lever, han lever ennu!

Han vandrer i seierens rike,
min sjel, hvorfor sørger da du?


Han er ikke lenger i graven
hvor bleknet i døden han lå;
/: jeg levende så ham i haven,
og aldri så skjønn jeg ham så. :/

Han lever, og jeg skal få bringe
hans venner det salige ord –
tenk jeg, som er ringest blant ringe,

den minste han kjenner på jord.
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,
å, kunne jeg synge det ut!
/: Mer kunne ei engler begjære
enn gå med så salig et bud. :/

Å salige stund uten like,
han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike,
min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde,
og dvelte ved gravnatten kun
/: så fikk du den levende møte,
å salige, salige stund! :/ NOS 189

Herren er konge!
Jorda skal jubla,
øyar og strender ... ventar på hans lære. SAL.97,1+JES.42,4




Sokneprest Em.Svenn Martinsen
Postboks 100, 5331 Rong
Mobil/SMS: 950 67890
svennam@hotmail.com

Ønskje om forbon, samtale og vitjing kan rettast til presten, eller leggjast i bønekassa.
For preste-og kantoragende for messefeiring sjå nærmere på

<http://www.stellamaris.no/DSLudes12.pdf>

(Døme på flygeblad I)



Kva skjer i Landro kyrkje påskeaftan 11.april 1998?

PÅSKEEGG OG PÅSKEKOS

KI. 2030: Felles kveldsmat i kyrkjelydssalen. Kvar tar med mat og drikke til eige bruk. Vi lagar kaffe og te.

"TIL LAMMETS MÅLTID FÅR VI GÅ."


KI. 2230 i kyrkja. Påskennattsmesse. Prestane Asbjørn Vilkensen og Svenn Martinsen. Tenning av påskelyset.

Ta med deg familie og vener og bli med oss denne kvelden!

Arr.: Kyrkjelydsutvalet i Nordre Fjell.

(Døme på flygeblad II)

Kva skjer i Foldnes kyrkje påskeaftan?



**Den Heilage Messa
påskeaftan 30.mars 2002**

kl.2300.

prestar:

p. egil morland

utesekr. asbjørn vilkensen

kap 1 svenn martinsen

kyrkjetenar: ruben fylling

organist: vidar eldholm olsen

deltakarar frå kyrkjelyden.

Tenning av påskelyset.

**Velkomne til ei høgtideleg gudsteneste der vi feirer overgangen frå mørke til ljos, frå tap til siger,
frå sorg til glede, frå død til liv-**

at Kristus lever!

Velkomne til påskennatt i Foldnes kyrkje!

Ta med deg familie og vener og bli med denne kvelden!

Døme på plakat

VELKOMNE TIL PÅSKENATT I
FOLDNES KYRKJE!
DEN HEILAGE MESSA
PÅSKEAFTAN 30.MARS 2002
KL.2300.

PRESTAR:

P. EGIL MORLAND

UTESEKR. ASBJØRN VILKENSEN

KAP 1 SVENN MARTINSEN

KYRKJETENAR: RUBEN FYLLING

ORGANIST: VIDAR ELDHOLM OLSEN

DELTAKARAR FRÅ KYRKJELYDEN.